Referat medlemsmøte Statoil Veteranklubb Mongstad.

Sted: Kilstraumen Brygge
Dato: Tirsdag 07.Juni 2022
Kl 18:00 – 20:00

Pga at andre som brukte møterommet lenger enn til kl 18:00, kom vi ikkje inn i møterommet før ca kl 18:30. Petter og Co hadde ikkje dobbelbooka rommet, dei andre (Equinor) vart ikkje ferdige som avtalt.
Men dagen var fin, sol og god temperatur, so me sat ute og drøste og sang litt med Gyda som forsanger.

Vel inne i møterommet ønska Kolbjørn hjarteleg velkommen til medlemsmøte og forklarte årsaken til forsinkelsen.
I alt var me 31 pensjonister på medlemsmøtet.

Kolbjørn gjkk så rett over til loddsalg som og var del av underhaldningen.
Arvid hadde kjøpt inn 20 gevinter.
Fleire etterspurde VIPPS. Og då måtte Kolbjørn berre beklaga at det har Veteranklubben enda ikkje fått til, men dei som ville vippse kunne bruke Arvid Rosnes sin VIPPS.

Loddsalget gjekk greit unna. Kolbjørn og Arvid gjekk rundt med avrivingslodd. Litt latter og smil til måten dette vart gjort på, men ingen store klager.

3 Personer vippsa til Arvid Rosnes sin VIPPS. Med i alt kr 400.
Arvid har overført Kr 400 til Veteranklubben sin konto. 36325066193.

Arvid og Kolbjørn talte opp både inngangspenger (matpenger) og loddpenger. Begge kvitterte på oppgjøret.
Dette var det siste medlemsmøtet før sommeren.
Neste medlemsmøte vert tirsdag 06.september kl 18:00

Tips til styret er å henta sangbøkene frå Museet og ha dei med i Kilstraumen.

Medlemsmøtet slutt kl 20:15

Arvid Rosnes, skrivar